



Bortimot 500 fylte Dønhauglåven onsdag kvelden. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Pop-country-bandet Gunslingers, som må kunne oversettjast med Revolvermenn, trakk i overkant av 450 til påskedans i Dønhauglåven onsdag kveld.**

**Ein kombinasjon av påska og eit band som tydelegvis er i sterk medvind gjorde susen og Magne Huglen fekk ein sesongopning som det luktar svidd av. Han har ikkje lov til å ta inn fleire enn dei som var i låven denne kvelden.**



Bandet består av Frode Måkestad, Jostein Fønnes, Jon Martin Skauge, Dan Mikal Ripe Frøystad og Frode Andreassen. (Foto: Ola Matti)

(Mathisen)

Det heiter i førehandsmeldingane at bandet har rota si i Norheimsund, men det er berre delvis rett. Det gjeld i alle fall berre ein av dei 5 musikarane. Dei andre kjem frå Austrheim, Førde, Lindås og Fedje så her kan ein i høgste grad tala om eit ekte vestlandsband.



Gunslingers har allereie mange fans i Kvinnherad. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Dei har i alle fall gjort hardangerdialekta til eit særkjenne og det er vokalist Frode Måkestad som har ansvaret for dei fleste tekstane. Men han byggjar vel til ein viss grad på eit amerikansk grunnmateriale. Men bandet flyt altså på det som er ein trend i tida og som ein kan nytta den meir eller mindre korrekte vignetten "ekte norsk" på.

Gunslingers ligg nok førebels eit stykke etter til dømes Vassendgutane, men det er sjølvsagt imponerande kva dei har klart så langt på bakgrunn av at dei hadde debuten sin for berre to år sidan. Og dei har tydelegvis allereie

fått ein stor fanskare også her i Kvinnherad, skal ei døma etter engasjement og låtkunnskap hjå dei danseglade denne kvelden.

Det var for nokså eksakt 2 år sidan Gunslingers presenterte seg gjennom det første albumet sitt, som dei kalla "Norwegian Honky Tonk" og dette året deltok dei mellom anna på countryfestivalane i Seljord og på Breim. Året etter – altså i fjor – var dei på scenen under festivalane på Seljord og på Vinstra og kom med album nummer 2, som heiter "Ein skål te".

Alle dei 5 fortel til uskedalen.no at dei har andre jobbar og at det musikalske engasjementet førebels er ein hobby. Men dei legg ikkje skjul på at målet er å bli profesjonistar sjølv om dei legg til at det ikkje er mange i landet som lever av musikken åleine.

Ellers var dei svært begeistra både over Dønhauglåven og den gode stemninga under påskedansen. Dei tykte besøket i Uskedalen var ei god oppleving og hadde spela i ein låve berre ein gong før.

Av Ola Matti Mathisen



Frode Måkestad frå Norheimsund står bak låtproduksjonen til Gunslingers. (Foto: Ola Matti Mathisen)